



Finalen på opningsveka

6 Den 5. januar var det ei storslått fellesgudsteneste i Sotra Arena.



18 Unge leirledarar

4 På åndeleg reise

5 Sterke ord om sjølv mord og klima

8 Ny sokneprest i Fjell

10 Nyårshelsing

11 Arbeidet ute i sokna

16 Smånytt

Øygarden kyrkjelege fellesråd perioden 2019-2023

Desse er valt til fellesrådet frå sokneråda:

- Dag-Olav Bjørøy (Landro), leiar
- Gisle Kårbø Rong (Hjelme og Blomvåg), nestleiar
- Arvid Nese (Fjell)
- Per Helge Refvik (Foldnes)
- Jan Tveit (Sund)

Kommunal representant valt av kommunestyret:

- Hege Misje, fast medlem
- Helge Nilsen, varamedlem

Geistleg representant:

- Jan Tommy Fosse (prost), fast medlem
- Bjarte Nese (sokneprest), varamedlem

Varamedlemer valt frå sokneråda:

- Kjersti Langeland Angeltveit (Landro)
- Erling Vik (Hjelme og Blomvåg)
- Eigil Nødtvedt (Fjell)
- Harald Rød (Foldnes)
- Oddveig Margrethe Skoge (Sund)

Kyrkjeleg fellesråd har arbeidsgivaransvar, økonomiansvar, ansvar for bygg og anlegg og er tillagt gravferdsforvaltning på vegne av stat og kommune. Budsjettramma er på 42 mill. og det er nærare 50 tilsette. Det er 8 kyrkjer og 17 gravplassar i fellesrådsområdet.

Kyrkjeleg fellesråd har normalt 6 møte i eit år, der saker som gjeld ansvarsområdet vert drøfta og ein gjer vedtak i ei rekke saker.

Dagleg leiing av fellesrådet si verksemd er delegert til kyrkjeverja.

Nye vedtekter for gravplassane i Øygarden kommune

Det er nye vedtekter for gravplassane i Øygarden gjeldande frå 1.1.2020.

Den som festar ei grav på ein av gravplassane i Øygarden må sette seg inn i vedtektene.

Vedtektene ligg på våre nettsider: www.kyrkja.no/oygarden/gravferd

I kommande utgåver av kyrkjeblada vil me informere om viktige punkt i vedtektene.

Det er Øygarden kyrkjelege fellesråd som forvaltar vedtektene for gravplassane.



Olav Martin Vik
Kyrkjeverje

Redaktøren har ordet

Olav Martin Vik
Kyrkjeverje/redaktør



Dagane er lengre, sola står høgare på himmelen for kvar dag og me ønskjer å kjenne vårdraget i lufta. Sjølv om vinteren har vore meir lik på ein haust er det skifte i årstidene, etter kvart vil det spire ute og nytt liv stig fram. Alt er sett i system: jorda med alt sitt liv, himmelen med måne, sol og stjerner. Det er berre å erkjenne at Gud styrer dette, det Han har skapt.

Også me prøver å styre, me planlegg og me arbeider, ofte etter eit system. Me set vår lit til eiga planlegging og organisering og meiner me har kontroll på dagane som kjem. Slik har Gud skapt oss. Samstundes må me ta inn over oss at det er ikkje alt me rår med. Brått vert livet snudd opp ned, sjukdom råkar, nokon me er glad i døyr eller alderdomen tek oss og livsutfoldinga vert smalare.

Den norske kyrkja i nye Øygarden kommune ønskjer å peike på Skaparen, Han som rår med alt. Me ønskjer å vere til stades for menneske i ulike samanhengar, både i glede og sorg, i oppvekst og når alderen vert tyngre å bere. I denne utgåva av bladet kan du lese om våre ønskje for arbeidet me driv og du finn omtale av mykje av arbeidet ute i kyrkjelydane. Du er velkomen til å delta, gjerne også som frivillig.


For vi er hans verk, skapte i Kristus Jesus til gode gjerningar som Gud på førehand har lagt ferdige så vi skulle vandra i dei.

Efes. 2,10

Andakt

På åndeleg reise

Espen Tveten
Sokneprest Hjelme og Blomvåg



I forfjor i haustferien var me mange frå Hjelme og Blomvåg sokn som var på tur til Israel. I gamlebyen i Jerusalem hadde eg litt tid for meg sjølv. Eg sette meg på ein fortauskafé, bestilte ein kopp kaffi og såg på folk som vandra forbi. Då kom det ei dame og sette seg ved nabobordet. Me byrja å snakka og ho fortalde at ho kom frå Brasil. Ho hadde den siste tida reist mykje i heile verda. Ho hadde nettopp vore på eit yoga-kurs i Thailand og no var ho på ei åndeleg reise med stopp i Jerusalem. Ho var ikkje kjend i byen og spurde «Er det nokon heilage stadar i nærleiken her?».

Er det ein stad i verda med heilage stadar må det vere akkurat der vi då sat. På to minutt kunne ein gå til staden Jesus vart korsfest, rett ved sida av ligg grava og me satt nesten midt i vegen der Jesus bar korset på veg til Golgata. «Det var interessant» sa ho, då eg fortalte om Jerusalem.

Eg fekk mange tankar etter samtalen med dama. For det første er mange på religiøs søken, og dei skal me respektera. Det andre er at svara på dei store spørsmåla våre faktisk er gjeven. Kjerna i den kristne trua er at svara ikkje ligg der framme ein stad. I staden for å leite vidt og breitt verda rundt, kan me grave i djupna. Grev me djupare i den trua dei fleste av oss er vakse opp med, vil me finna røter å byggja livet vårt på.

For i Betlehem og i Jerusalem, ja i heila Israel, skjedde det noko i dei dagane som me kan knyta liva våre til. Gud kom til jord, busette seg i blant oss, døyde for oss og er til stades i verda. Me trur på ein Gud som har oversikt, ein Gud som vil redde oss menneske på den siste dag og ein Gud me kan ropa til i vår naud.

Lat di åndelege reise finna kvile hjå Gud:

«Det sanne lyset, som lyser for kvart menneske, kom no til verda. Alle som tok imot han, dei gav han rett til å bli Guds born, dei som trur på namnet hans». (Joh 1, 9+12).

Når me står og ser inn i framtida, inn i eit nytt år, er ikkje det viktigaste å kjenne alt som kjem, men å kjenne han som kom.




– kyrkjeblad for Hjelme og Blomvåg sokn

ØyNytt kom første gong ut i april 1974. ØyNytt vert fulldistribuert i Hjelme og Blomvåg sokn.

Det er også mange abonnentar utanfor soknet. Kontingent og annonsar er avgjerande for produksjon og distribusjon av ØyNytt.

Kjem ut i 2020:

7. februar, 3. april, 5. juni, 11. september, 9. oktober og 11. desember
Redaksjonen vert avslutta ei veke før.



Kontingent: Kr 125 i Øygarden / Kr 175 utanfor Øygarden

Takkeannonsar: Kr 100

Annonsar: Kontakt redaksjonen

Bankkontonummer: 3628.07.02557 for kontingenter og gåver

Opplag: 2500 pr. nummer. 6 nummer i året.



DEN NORSKE KYRKJA

Øygarden kyrkjelege fellesråd

Telefon: 55 09 74 40

E-post: post.oygarden@kyrkja.no

Besøksadresse: Øygarden kyrkjekontor, Temahuset på Straume

Postadresse: Tytebærbrekko 2, 5353 Straume

Informasjon om våre tenester, kontaktinformasjon til våre tilsette og det som skjer i regi av oss finn du på: www.kyrkja.no/oygarden

Facebook: [kyrkjaioygarden](https://www.facebook.com/kyrkjaioygarden)

Soknepresten i Hjelme og Blomvåg: Espen Sigve Tveten
E-post: et838@kyrkja.no

Leiar i soknerådet: Erling Vik
Telefon: erl-vik@online.no

Org. nr. Øygarden kyrkjelege fellesråd: 976 995 430

Bankkonto for gæver til arbeidet i soknet: 3628.55.90870

Gæver kan du også gje ved bruk av appen Vipps

Nye festeavgifter i Øygarden kommune

Det er nye festeavgifter for gravplassane i Øygarden gjeldande frå 1.1.2020. Kommunestyret i Øygarden gjorde vedtak om avgifter i møte 19.12.2019.

Alle busette i kommunen har rett på fri grav i ein periode på 20 år frå gravleggingsdatoen.

Dersom ein tek ut ei grav ved sida av (festar ei grav/dobbelgrav) må ein betale festeavgift for den grava frå første dag.

Det er ikkje mogeleg å slette ei grav i ein dobbel gravstad.

Busette utanfor Øygarden kommune må betale festeavgift frå første dag om dei vert gravlagt i Øygarden. Slik gravlegging skjer etter grunngiven søknad til kyrkjeleg fellesråd.

Dette er festeavgiftene i Øygarden for personar med bustadadresse i kommunen:

Avgift for feste/leige av grav etter friperioden	
Festeavgift urnegrav/barnegrav 1 år	kr. 350,-
Festeavgift kistegrav 1 år	kr. 500,-
Festeavgift for urnegrav i namna minnelund 1 år	kr. 200,-

Avgift for leige/festegravstad	
Festeavgift 5 år Kistefestegravstad (dobbelgrav)	kr. 2 500,-

Festeavgifter etter friperioden	
Avgift for urnegrav 5 år	kr. 1 750,-
Avgift for enkel kistegrav 5 år	kr. 2 500,-
Avgift for dobbel kistegrav 5 år ¹	kr. 2 500,-
Avgift for anonym urnegrav 5 år	kr. 500,-
Avgift for urnegrav i namna minnelund 5 år	kr. 1 000,-
Avgift for barnegrav 5 år	kr. 1 750,-

¹ Vert rekna som ein gravstad

Festeavgifter vert fakturert kvart 5. år.

Sjå også vår nettside: www.kyrkja.no/oygarden/gravferd for meir detaljert informasjon

Olav Martin Vik
Kyrkjevevje



Kommunen betaler kremasjonsavgift

Øygarden kommune betaler kremasjonsavgifta for busette i Øygarden. Kremasjon skjer i Bergen og ein må betale for dette. Gravferdsbyrået opplyser om ordninga når kremasjon er tema ved eit dødsfall.


Krematoriet sender faktura til Øygarden kyrkjelege fellesråd som får oppgjør frå kommunen.

Olav Martin Vik
Kyrkjevevje



DEN NORSKE KYRKJA

Nye nettsider og mailadresser




Som følgje av samanslåinga har Øygarden kyrkjelege fellesråd fått ny nettside www.kyrkja.no/oygarden

Her finn du lenkje til nettsida til alle sokna, samt kalender og nyhende.

Alle tilsette har fått nye mailadressar som du kan finne her: www.kyrkja.no/oygarden/tilsette

Sterke ord om sjølv mord og klima



Det siste året fekk me sjå at ord ikkje er tomme og talar kan nå til hjarta våre. To 16-åringar sette dagsorden med ekte og ærlege talar. Maud Angelica Behn og Gretha Tunberg greip oss med ord me ikkje gløymer.

Me er omgitt av så mange ord at me ofte ikkje høyrer. Men me må lytta til desse 16-åringane. Paulus minner oss på «Lat ingen sjå ned på deg fordi du er ung, men ver eit førebilete for dei truande i ord og gjerning, i kjærleik, truskap og reinleik.» (1 Tim 4, 12). Me har god grunn til ikkje avfeie dei to tenåringane som treffe ei nerve i oss som representerer tema som berre vert viktigare; psykisk helse og klimaspørsmålet. Dette er tema kyrkja og er opptatt av.

Depresjon og sjølv mord

Mens me samla inn kollekt i kyrkjene til Kirkens SOS både 1. og 2. juledag, vert telefonsentralen deira nedringd. Ari Behns død skapte eit behov for hjelp og samtale. I denne artikkelen vil eg gjenta det som har vore sagt og skrive i det siste. Ha låg terskel for å søkja hjelp om tankane er prega av sjølv mord og mørke. Det er mykje hjelp i å lette smerta i møte med eit anna menneske.

«Det finnst alltid ei løysing», sa Maud Angelica Behn. Og det er sant. Den som er midt inne i depresjon, trur det aldri går over. Men det er ein utveg. Det kan ta tid, og i den tida trengs medmenneska

som kan vere uthaldande. Munken og mystikaren Johannes av Korset har sagt «Sjelas mørke natt møter du ikkje ved å rømme unna, men ved å halde ut og gjere ho til di erfaring.»

Somme stundar i livet kan me trenge andre til å løfte fram håpet for oss. Vis frimod i å søkje hjelp, og vis frimod i å vere ei hand å halde i.

Klima

Med profetisk røyst sa Gretha Tunberg ubehagelege ord om at jakta på fortsatt økonomisk vekst til slutt tar livet av planeten vår. Vi byrjar å forstå at ho har rett. Eit av dei mest misforståtte bibelorda er frå 1 Mos. 1, 28: «Ver fruktbare og bli mange, fyll jorda og legg henne under dykk! De skal råda over fiskane i havet og over fuglane under himmelen og over alle dyr som det kryr av på jorda.» Me fekk aldri tillating til å råde og å leggje jorda under oss, i den fortstand å utnytte og øydeleggje henne. Oppgåva var å forvalte og foredle henne.

Mykje av vårt overforbruk i Noreg belastar miljøet meir enn det kan tåle. Me må ta inn

Espen Sigve Tveten
Sokneprest Hjelmte og Blomvåg



over oss at medvitne og kloke val om vårt forbruk, er ei sann kristen gjerning. Me må innlemme kampen for kloden vår i kva det vil seie å følgja Jesus i moderne tid.

Ein annan 16-åring

I Bibelen finn me ei anna tenåringjente. Maria, Jesu mor, som kan ha vore omkring 16 år då engelen gjeista henne. Lukas fortel at ho både vert forskrekka og undrande over dei tydelege orda om å vere ein del av Guds frelsarplan. Men før ho rakk å gje respons, kom orda frå Gud: «Ver ikkje redd, Maria. For du har funne nåde hos Gud».

Guds ord er ikkje tomme. Me kan som Maria ta imot nådeorda om at liva våre er kjende for Gud. Hans tankar for våre liv kjem før noko anna og dei er gode, men ikkje utan motstand og innsats. Då Maria hadde gjort det som var hennar gjerning og født Jesus, står det at ho tok vare på alt som hadde vore sagt og grunna på det. Ho er eit førebilete på å ta imot livgivande ord.

Me treng ord, Gud skapte med sine ord. Ord kan nå djupet i oss. Lat orda frå Gud og 16-åringane gjera noko med deg. Grunna på dei.



Storslått gudsteneste

5. januar samla 1800 menneske seg for å vere med på fellesgudstenesta i Sotra Arena. Aldri før har det vore arrangert ei så stor gudsteneste vest for brua.

Tekst og foto: Yngvild Mørner Sørheim


Gudstenesta vart arrangert i samband med opningsveka til nye Øygarden kommune, og var den store finalen på veka. Mange kyrkjelydar og forsamlingar i nye Øygarden gjekk saman for å få til denne store gudstenesta. Her fekk me vitne til det store songlivet i nye Øygarden. Med både felles barnekor og

felles vaksenkor vart det ei god musikalsk oppleving. På scenen fekk vi og høyre på Aasmund Brekke-band og Fjell kyrkjebrass med dirigent Olav Sørheim.

Sotra Reviderte opna med flott korsong og så gjekk stafettpinna vidare til ordførar Tom Georg Indrevik som

vart intervjuet av ungdomsskuleelevar. Gudstenesta vart leia av metodistprest Tom G. Johnsen og Hanne Holmedal.

Sokneprest Maria Tveten kunne fortelje om heilage tre kongars dag som var på denne dagen. Og saman med Rune Tofting dramatiserte dei korleis det kunne



ha vore for kong Herodes å få besøk av dei tre vise menn.

Under gudstenesta kunne ein gå på bønnevandring, her var det mange ulike postar, mellom anna lystenning, eit kart kor ein kunne merke ein plass ein ville be for, velsigning og forbønn. Mendan

bønnevandringa pågjekk, var det song med forsongarar.

Dei som fekk dagens takkeoffer var Basecamp. Jon Andreas Tjentland kunne fortelle litt om kva Basecamp er, korleis dei hjelper ungdommar og kva mål dei

har: "Vi vil bidra til å realisera draumane til ungdom om eit godt liv!"

Etter gudstenesta var kyrkjekaffien klar. Her hadde sokneråda bakt over 2000 boller så det var meir enn nok til alle. Praten gjekk laust og bollane var veldig populære.

Morten Torsvik innsett som sokneprest i Fjell

Søndag 12. januar vart den nye soknepresten i Fjell innsett. Det var fungerande prost Øystein Skauge som stod for innsettinga.

Tekst: Olav Martin Vik
Foto: Ottar Vik



Jesu dåp av Pietro Perugino (WikiArt)



Fungerande prost Øystein Skauge saman med den nye soknepresten. Foto: Olav Martin Vik

Mange møtte fram til gudstenesta denne dagen. Ved orgelet sat kantor Olav Sørheim og medliturg var Tor Amund Gjersvik. Tre barn vart døypt og det var nattverd, så den nye soknepresten hadde heile spekteret av det som kan vere i ei gudsteneste, denne dagen.

Leiar i soknerådet, Jorunn Småbrekke Gjersvik, leste ved starten av gudstenesta opp tenestebrevet frå biskopen.

I sin innsetjingstale tok prost Øystein Skauge utgangspunkt i eit bilete som heng i det fantastiske sixtinske kapell i Vatikanet, måla av Pietro Perugino ein gong på

1500-talet og framstiller Jesu dåp. Skauge sa mellom anna dette:

” Om dette skal du vere eit presteleg vitne

Eg vil gjerne sitje i lag med den enkle mannen som er i ferd med å følgje Jesus ut i vatnet, dåpsvatnet, eg vil gjerne leggje av meg mine ureine klede og la meg reinse av Jesus. Det er eg trygg på at også du Morten ynskjer å gjere, i det som etter kvar skal opne seg framfor deg når kvardagane som sokneprest skal kome

på rekkje og rad. Også du er døypt, Morten. Ikkje med Johannes sin omvendingsdåp, men med den kristne dåpen der du fekk dine synder vaska bort. På nytt og på nytt reinsar Jesus deg ved sitt tilgjevande ord, og ved sin nåde i nattverdens sakrament.

Om dette skal du vere eit presteleg vitne. Vitne om han som Gud i dag omtaler som sin son.

Eg ynskjer Guds rike signing over deg og over Fjell kyrkjelyd når du no skal vere sokneprest her på denne staden.

Julefest med småbarnssang og julespel

Julefesten i Hjelme kyrkje i regi av soknerådet har no vorte ein tradisjon som mange set stor pris på.

Rundt 160 personar i alle aldrar møtte fram på julefesten. Det var julespel, småbarnssangen deltok og det var utdeling av godteposar til borna. Øygardskoret deltok også med song. Det var juletrengang og servering av snittar og kaker.

Soknerådet var ansvarleg for gjennomføring av julefesten.



Småbarnssangen deltok med song.



Her er det soknerådsmedlem Gisle Kårbo Rong som serverer kaffi.



Skular og barnehagar kom til kyrkjene før jul

Her vart borna møtt av alle dei viktige personane i julebodskaben, alt frå Jesusbarnet til keisar Augustus.

Borna fekk også delta i opplegget. Bileta er frå Blomvåg kyrkje.

Nyårshelsing

I dette bladet presenterer me ein del av arbeidet ute i sokna. Diakoniarbeidet vert presentert i neste utgåve.

Frå nokre av sokneprestane og nokre soknerådsleiarar.



Per Helge Refvik

Leiar Foldnes sokneråd

Vi ønskjer at Foldnes kyrkje skal vere ein aktiv kyrkjelyd, der så mange som mogleg deltek på gudstenester og andre arrangement i kyrkja, og finn det naturleg å nytte kyrkja til å markera dei store hendingane i livet sitt. Vi vil at kyrkjelyden skal vere eit inkluderande og trygt fellesskap der ulike menneske i alle aldrar skal kunne finne sin plass.



Erling Vik

Leiar Hjelme og Blomvåg sokneråd

Mitt ønskje er at vårt arbeid er slik innretta at den enkelte vil kjenne seg elska av Gud og menneske. At vi får vere med å forkynne budskapet om Jesus Kristus på ein god og rett måte. Vidareføre vårt arbeid med NAMU (naturlig meningheitsutvikleing) slik at me kan bli bedre innanfor dei område me i dag er svakast på i våre kyrkjelydar. Kunne opprettholde eit rike og omfattande barne- og ungdomsarbeid me har hatt i vårt område.



Jorunn Småbrekke Gjersvik

Leiar Fjell sokneråd

Byggje eit ope og inkluderande kristent fellesskap også ut over det som skjer i gudstenesta. ALLE er velkomne slik du er til å ta del i åndeleg, musikalsk og menneskeleg fellesskap. Vera med å byggja fellesskap og bli utfordra ut frå interesser og evner. Få kjenna at du høyrer til og er verdsett.



Tove Karin Lyngsmo Angeltveit

Leiar Landro sokneråd

Me ynskjer at Landro kyrkje skal vere ein stad du kan føle deg heima i, uansett tvil og tru. Der evangeliet vert forkynt. Ei kyrkje med fellesskap for barn, ungdom, vaksne og eldre. Ei god og inkluderande kyrkje, eit godt og inkluderande fellesskap.



Maria Tveten

Sokneprest i Foldnes

Eg ønskjer at vi i den nye kommunen vil oppleve glede over å vere fleire; fleire erfaringar, fleire med fagleg kunnskap og kompetanse, og fleire stemmer å lytte til og lære av. For kyrkjelyden i Foldnes ønskjer eg at vi vil våge å kome kvarandre og Jesus nærare, og at stadig fleire skal finne gudstenesta som eit godt pulsslag for trua, livet og fellesskapet.



Espen Tveten

Sokneprest i Hjelme og Blomvåg

«Elska av Gud og menneske». I tida framover har me denne visjonen for arbeidet i Hjelme og Blomvåg sokn. Tenk kva som hadde skjedd i vår kyrkjelyd og vårt nærrområde om alle hadde sett at dei var elska av Gud, og tenk kva som hadde skjedd rundt oss om alle opplevd omsorga frå eitt eller fleire menneske. Lat oss arbeide og be om det må skje.



Kjell-Asle Børnes

Sokneprest i Sund

Me ønskjer kvarandre godt nytt år i Jesu namn! Sund sokn ønskjer me at evangeliet om Jesus skal forkynnast klårt og reint, og at barn, unge, vaksne og eldre skal finne sin plass i kyrkjefellesskapet. Me veit ikkje kva 2020 vil bringe, men me veit at Jesus er der allereie med sin nåde og fred. Han seier: Følg meg! Lat oss ta han på ordet og hjelpa kvarandre på trusvegen...

Barn og unge

Gud gir! Vi deler!

Vi har som mål at alle døypte og tilhøyrande 0–18 år skal få tilbod om grunnleggjande opplæring i kristen tru og tradisjon. Vårt ønske for barn og unge i kyrkjelydane er at dei skal få ei tru som varer livet ut!

Vi jobbar tverrfagleg og saman med frivillige for å styrke og utvikle det kyrkjelydsbyggjande arbeidet i lokalkyrkjelyden. Vi har fantastiske frivillige og tilsette medarbeidarar i alle aldrar som gir det best dei har vidare til barn og ungdom!

Seksjon for barn og unge har som mål at barn og ungdom i kyrkjelyden opplever seg elska av Gud, og at dei vert grunnfesta i den kristne trua, inkludert i fellesskapet i

kyrkja, disippelgjort til å følgje Jesus gjennom kristne praksisar, og utsendt til eit liv i tru, håp og kjærleik, lokalt og globalt. Vi trur at Gud, gjennom Jesus, viser oss eit annleis rike og ei opp-ned-tenking, som vi som kyrkje vil la oss inspirere av: Dei minste er dei største, dei siste blir dei første, og det som synast å vere lite verdt menneskeleg sett, det gir Gud den høgaste verdi! Hos Gud er det ingen prestasjonskrav – Han elsker oss slik vi er. Så motsett av korleis vi elles møter kvarandre. Korset viser oss to retningar, den vertikale linja viser at kvar av oss har uendeleg verdi for Gud, den horisontale linja minner oss om at vi skal dele Hans kjærleik og omsorg med kvarandre. Gud gir! Vi deler! I kyrkja i Øygarden ønskjer vi ta

imot det Gode Gud gir oss gjennom Jesus Kristus, og vi ønskjer å gi dette vidare til dei rundt oss.

Alle sokna driv trusopplæring for målgruppa 0–8 år. I tillegg til dei tilboda som er på oversikta under (som kyrkja og/eller nære samarbeidspartnarar driv), blir barn og unge kvart år inviterte til ulike trusopplæringsdagar, turar eller leirar i regi av kyrkja. Dette er organisert litt ulikt i dei fem sokna i Øygarden. Ta kontakt med kyrkjekontoret om du har spørsmål. I oversikta under finn du dei tiltaka for barn, unge/familiar som går jamt og trutt gjennom året i dei ulike sokna i Øygarden.

Sund sokn

Søndagsskule

- 3-10 år
- Søndagar kl. 11.00 ved gudstenester
- 5-15 deltakarar i snitt
- Kontaktperson: Hildegunn M. Børnes tlf. 477 07 698

Betweenklubben

- 9-13 år
- Éin tysdag i månaden 17.30 – 19.30 i Sund kyrkje
- 10-20 deltakarar i snitt
- Kontaktperson: Maria A. Stokke tlf. 938 06 984

Myldredag Kausland kyrkje

- For alle!
- Éin onsdag i månaden kl. 17-19
- 30-50 deltakarar i snitt
- Kontaktperson: Hildegunn M. Børnes tlf. 477 07 698

Myldredag Sund kyrkje

- For alle!
- Éin tysdag i månaden kl. 17-19
- 30-50 deltakarar i snitt
- Kontaktperson: Hildegunn M. Børnes tlf. 477 07 698

Boost Klubb - fellesskap, kvelds og undervisning

- Frå 10. klasse
- Tysdagar kl. 19-21.30 i Sund kyrkje
- 10-15 deltakarar i snitt
- Kontaktperson: Dag Reidmar Pettersen tlf. 477 07 952

Foldnes sokn

Søndagsskule

- 3-10 år
- Søndagar kl. 11.00 ved gudstenester
- 15-30 deltakarar i snitt
- Kontaktperson:
Elisabeth Møll Jung tlf. 930 64 205

Lillelørdag

- 5.-7. klasse
- Éin onsdag i månaden
- 10-15 deltakarar i snitt
- Kontaktperson:
Maria Tveten tlf. 450 63 016



KM KLUZZ: Myldredag m. middag og aktivitetar

- For alle!
- Éin tysdag i månaden kl 17 – 18.45, i samarbeid med Fjell KM
- 25-50 deltakarar i snitt
- Kontaktperson:
Kari Burke-Romarheim tlf. 465 14 662

Ungdomslørdag

- Frå 8. klasse
- Annankvar laurdag
- 30-35 deltakarar i snitt
- Kontaktperson:
Joel Turøy Midttveit tlf. 476 66 443

Fjell sokn

Søndagsskule

- 3-10 år
- Søndagar kl. 11.00 ved gudstenester
- 10-20 deltakarar i snitt
- Kontaktperson:
Søgnie Lillevik Nilsen tlf. 975 46 646

Tweensklubben og Tweens+

- 9-15 år
- Annankvar fredag kl. 19 – 22
- 40-70 deltakarar i snitt
- Kontaktperson:
Søgnie Lillevik Nilsen tlf. 975 46 646

FamilieKRIK

- For alle!
- Laurdagar kl. 15.30 – 17.30, Bildøy bibelskule
- 20-30 deltakarar i snitt
- Kontaktperson:
Leiv Arne Risa tlf. 922 60 018

KRIK Ulveset

- Frå 8. klasse
- Kvar torsdag kl. 20–21 på Ulveset skule
- 10-20 deltakarar i snitt
- Kontaktperson:
Tore Heggernes tlf. 934 05 925

Landro sokn

Søndagsskule

- 3-10 år
- Søndagar kl. 11.00 ved gudstenester
- 10-15 deltakarar i snitt
- Kontaktperson:
Bjarte Nese tlf. 915 32 437
Kyrkjekontoret tlf. 55 09 74 40

Landroklubben

- Frå 9. klasse
- Annankvar fredag kl. 19 – 22 i kyrkjekjellaren
- 10-15 deltakarar i snitt
- Kontaktperson:
Bjarte Nese tlf. 915 32 437

Tacofredag

- For alle!
- Éin fredag i månaden
- 30-50 deltakarar i snitt
- Kontaktperson:
Bjarte Nese tlf. 915 32 437

Felles for Fjell, Foldnes og Landro sokn

Babysong

- 0-1 år
- Éin måndag i månaden i Landro, Fjell eller Foldnes kyrkje kl. 10.30 – 12.30
- 5-20 deltakarar i snitt
- Kontaktperson:
Elisabeth Møll Jung tlf. 930 64 205

MILK MiniLeiarKurs

- For 15/16-åringar
- Ein torsdag i månaden i Foldnes kyrkje + leir + praksis
- 25 deltakarar
- Kontaktperson:
Søgnie Lillevik Nilsen tlf. 975 46 646

Tensing Lukas

- Frå 8. klasse
- Måndagar 18.30 – 21.00 i Foldnes kyrkje
- 25-35 deltakarar
- Kontaktperson:
Beate Sørhus tlf. 476 45 841

Bibelgrupper

- Frå 8. klasse
- Ulike dagar
- 25-35 deltakarar
- Kontaktperson:
Maria A. Stokke tlf. 938 06 984

Hjelme og Blomvåg sokn

Babysong

- 0-1 år
- Annankvar måndag 11.00 – 12.30 i Blomvåg kyrkje
- 5-10 deltakarar i snitt
- Kontaktperson:
Matilde Karin Dale tlf. 902 72 703

Småbarnssong

- 1-5 år
- Annankvar tysdag 17.30 – 18.45 i Blomvåg kyrkje
- 10-20 deltakarar i snitt
- Kontaktperson:
Kari Sandøy Rong tlf. 936 29 159

Søndagsskule Hjelme kyrkje

- 3-10 år
- Søndagar kl. 11.00 ved gudstenester
- 10-20 deltakarar i snitt
- Kontaktpersonar:
Sunniva Hellesøy tlf. 411 07 270
Kyrkjekontoret tlf. 55 09 74 40

Søndagsskule Blomvåg kyrkje

- 3-10 år
- Søndagar kl. 11.00 ved gudstenester
- 15-30 deltakarar i snitt
- Kontaktperson:
Mie Blom Bonifacio tlf. 458 04 884
Kyrkjekontoret tlf. 55 09 74 40

Refuel Ungdomsklubb

- Frå 8. klasse
- Annankvar fredag, INRI, Rong senter
- 30 deltakarar i snitt
- Kontaktperson:
Hogne Berland tlf. 986 83 424

K2 - Undervisning, fellesskap og leirleiar kurs

- 10. klasse
- Éi samling i månaden på kyrkjekontoret på Rong senter
- 15-30 deltakarar i snitt
- Kontaktperson:
Hogne Berland tlf. 986 83 424

K2pp - Fellesskap og undervisning

- 16, 17, 18 år
- Fire samlingar i året m. overnatting
- 15-20 deltakarar i snitt
- Kontaktperson:
Hogne Berland tlf. 986 83 424

KRIK

- Frå 8. klasse
- Annankvar fredag på Vik bedehus, regi av ACTA/Normisjon
- 30-40 deltakarar i snitt
- Kontaktperson:
Leif Gunnar V. Vik tlf. 948 10 746

Bibelgrupper

- Frå 9. klasse
- Ulike dagar
- 25 deltakarar (fordelte på ulike grupper)
- Kontaktperson:
Hogne Berland tlf. 986 83 424

Kyrkjemusikk

Kantorane i Øygarden kyrkjelege fellesråd utgjer i staben seksjon for kyrkjemusikk. Kyrkjemusikkseksjonen er drivar for arbeidet i musikkutvalet.

Kyrkjemusikkutvalet, dei 5 kantora- ne og friviljuge, er ein forlenging av kyrkjemusikkseksjonen. Vi planlegg, arrangerer og samarbeider om ulike

konserter og gudstenestar i heile fellesrådsområdet. Arbeidet vert i forkant for kvart semester presentert i brosjyra Konsertprogram.



Sund sokn

Stjernekor

- For barn frå 4 år til og med 3. klasse
- Øving annankvar tysdag kl. 17.30–18.30 i Sund kyrkje
- 15–20 deltakarar i snitt
- Kontaktperson: Irina Tarasova tlf. 474 50 606

Betweenkor

- For barn frå 4. klasse og oppover
- Når: Annankvar tysdag kl. 18.30–19.30 Sund kyrkje
- 10–15 deltakarar i snitt
- Kontaktperson: Irina Tarasova tlf. 474 50 606

Sund og Landro juleprosjektkor

- For vaksne
- Øving november/desember, onsdager eller torsdager
- 18 deltakarar i snitt
- Kontaktpersonar: Eline Olsen tlf. 906 05 332 Irina Tarasova tlf. 474 50 606

Fjell sokn

Fjell barnekor

- For barn i alder 4 år til 4. klasse.
- Øving annankvar tysdag kl. 17.30–18.30
- 10–12 deltakarar i snitt
- Kontaktpersonar: Malene Mortensen tlf. 480 89 010 Eivind Kausland Lie tlf. 408 85 692 Olav Sørheim tlf. 926 15 988

Sotra Reviderte

- For vaksne, men og ope for unge/unge vaksne/vaksne
- Øving kvar tysdag kl. 19.00–21.30
- 18 deltakarar i snitt
- Kontaktpersonar: Tor Amund Gjersvik tlf. 908 62 603 Olav Sørheim tlf. 926 15 988

Fjell kyrkjebrass

- For vaksne, men og ope for unge/unge vaksne/vaksne
- Øving annankvar torsdag kl. 19.45–21.30.
- 15 deltakarar i snitt
- Kontaktperson: Olav Sørheim tlf. 926 15 988

Foldnes sokn

Foldnes barnegospel

- For barn i alder 5 år til 4. klasse.
- Øving annankvar tysdag kl. 17.30–18.30.
- 10 deltakarar i snitt
- Kontaktpersonar: Maria Wergeland tlf. 410 09 550 Aasmund Brekke tlf. 995 63 706

Lukas Tensing

- For ungdom frå konfirmasjonsalder og oppover
- Øving kvar mandag kl. 18.30–21.30
- 30 deltakarar i snitt
- Kontaktperson: Anne Oline Gammelsæter tlf. 940 21 781

Forsongarteneste

- Vaksne og ungdommar
- Kvar søndag kl 10.10–12.15
- 12 deltakarar
- Kontaktperson: Aasmund Brekke tlf. 995 63 706

Mannskoret AvogTil

- For vaksne menn.
- Øving av og til (ca. 2–3 øvingar pr. år)
- 8–12 deltakarar i snitt
- Kontaktpersonar: Kjell Fyllingen tlf. 480 54 920 Aasmund Brekke tlf. 995 63 706

RAMP

- Ramp er ein møtestad for vaksne
- Annankvar tirsdag kl. 19.30–20.45
- Aktørar og publikum
- Ramp har eit fast husorkestrer og gjestesolistar i regi av Aasmund Brekke

Landro sokn

Landro barnekor

- For barn i alder 6 år til 9 år.
- Øving kvar tysdag kl. 17.30–18.40
- 10 deltakarar i snitt
- Kontaktperson: Eline Olsen tlf. 906 05 332

Landro tweenskor

- For barn i alder 10 til 14 år.
- Øving kvar tysdag kl. 18.45–19.45
- 4–6 deltakarar i snitt
- Kontaktperson: Eline Olsen tlf. 906 05 332

Sund og Landro juleprosjektkor

- For vaksne
- Øving november/desember, onsdager eller torsdager
- 18 deltakarar i snitt
- Kontaktpersonar: Eline Olsen tlf. 906 05 332 Irina Tarasova tlf. 474 50 606

Hjelme og Blomvåg sokn

Gospel Teens

- Frå 5. klasse, ungdomsskule og vidaregåande
- Øving annankvar tysdag kl. 18–20 i Blomvåg kyrkje
- 30–40 deltakarar i snitt
- Kontaktpersonar: Kate Solsvik tlf. 974 32 546 Olaug Rong tlf. 412 85 123

Stor deltaking på Vi syng jula inn i Hjelme og Blomvåg kyrkjer

I år vart det arrangert Vi syng jula inn både i begge kyrkjene.

Det var eit godt oppmøte i begge kyrkjene. Øygarden skulekorps spelte begge stadane. Kantor Anne Lise Grøm og diakonimedarbeidar Bjørg Blom vart takka av frå sine stillingar. Begge vart pensjonistar.



Øygardskoret deltok med song i Hjelme kyrkje.



Barnekoret Lyskastaren deltok med song i Blomvåg kyrkje.



Øygarden kultursal

Den gamle salen i Øygarden kulturhus er bygd om til ein ny og moderne kultursal.

Det er plass til 250 personar i amfiet. Den vil tena som arena for ulike kulturarrangement i åra framover. Eit nytt flygel høyrer med i ei slik kultursal.

God oppslutning om julegudstenestene

Om lag 700 personar starta julehøgtida med å delta på julegudstenestene i Blomvåg og Hjelme kyrkje.

Også dette året hadde Hildegunn Landro pynta vakkert i Blomvåg kyrkje, som biletet er ifrå.



Adventsfest på Nautnes

Tradisjonen tru vart det også i år adventsfest med lystenning på Nautnes bedehus 1. søndag i advent.

Det vakre juletreet vart tent, og store og små song dei kjære, gamle julesongane medan dei gjekk i fleire ringar rundt treet. Inne i bedehuset var det lunt og godt. Der sto borda dekkja – og alle dei rundt 75 frammøtte fekk servert herleg hjortegryte med potetstappe – risgraut til dei som heller ville ha det. Etterpå var det kaffi og kaker. Bodil leia det heile med sikker hand og på ein fin måte fekk ho peika på at Jesus er verda sitt lys!

Ref. Bjarne Skjold



Regine Oen Hatten og Hanne Krogh i samtale i "sofakroken". Foto: Ottar Vik

MOT konserten

Om lag 800 personar deltok på konserten i Hjeltefjorden arena, der Regine Oen Hatten var programleiar og gjesteartist var Hanne Krogh.

Unge leirledarar

Mange ungdomar er leidarar på kyrkja sine leirar på Skjergardsheimen kvart år. Anna Christina Knudsen, Eirik Fjeldstad Eikanger og Leif Inge Hjeltnes Hellesund går i 10. klasse og var leidarar for første gong i haust.

Tekst: Hogne Berland
Bilete: Annabell Njøten Blom



Leif Inge og Eirik leder bli-kjent-leikar.

«Då eg sjølv reiste på barneleir, såg eg veldig opp til leidarane og tenkte at sånn har eg også lyst å vera», seier Anna. I haust var ho, Eirik og Leif Inge med på både leirdagar for 1. og 2. klasse og på adventsleir for 4. klasse.

Dei har alle reist på leir som deltakarar tidlegare. I år går dei på K2, som er trusopplæringsopplegget for 10. klasse og har praksis som leirledarar. Dei får prøve seg på alt frå å stå på post på sporløp og spele drama på bibelsamling til å passe på at borna pusser tennene på kvelden. Innimellom samlingane har deltakarane fritid, mens leidarane stadig er på «jobb» og passer på at alle har det bra.

Alle er einige i at det var både kjekt og slitsomt å prøva seg som leirledar. «Det var mykje lyd og energi, særlig frå 1. og 2. klasse», seier Eirik. «Men det var veldig gøy også!» Leif Inge synes det interessant å prøve leidarrollen. «Det var spesielt kjekt å ha ansvar for underholdningskvelden der vi spelte sketsjar og hadde leikar med borna.»

På spørsmål om kva som var aller kjekkest ler Eirik og svarer «Når ungane hadde lagt seg». Men han retter fort på seg sjølv og seier at samlinga når ein skal sei god natt på rommet om kvelden var flott. «Då fekk vi god tid til å prata med deltakarane i ein litt meir rolig setting. Då merka eg også at borna hadde fått med seg mykje frå bibelsamlingane.»



Hårfletting på 4. klasseleir.

Anna synes møtene og bibelsamlingane var kjekke. «Det er artig å synge dei same barnesangane som vi har lært sjølv. Det er også kjekt for oss å høyre på bibelsamlingane. Det er lett å følge med og eg lærer noko sjølv også.» Ho er imponert over kor mykje borna hadde fulgt med. «Ein kan jo av og til lure på kva borna får med seg, men då eg hadde gruppesamling etter

bibelsamlinga hadde dei nesten fått med seg meir enn meg!».

Dei unge leidarane seier det er kjekt å merke at borna har lyst å vera saman med dei og leike. Dei opplever også at deltakarane hugsar dei igjen etter leiren og kjem bort og seier hei om dei møtest. «Det er skikkeleg koseleg!», seier Anna. Sjølv om det å arrangere leir kan vera slitsomt, påstår alle at dei er veldig klar for neste leir!



Anna og Eirik på leirdag.

Hogne har ordet

Hogne Berland
Kyrkjelydspedagog



I løpet av eit år på har vi i kyrkja cirka 60 ulike leidarar på våre leirar på Skjergardsheimen. Mange av desse er ungdomar og det er kjekt å sjå korleis dei veks med oppgåvene. Det er god ledartrening å få prøve seg på leir! Samstundes er det viktig å ha med nokon vaksne. Ei god blanding av vaksne og unge har vist seg å vera det beste.

Blant deltakarane er dei unge leidarane definitivt dei mest populære. Ungdomane må alltid vera klar for å fletta hår, leika bomgøymsele, høyra om dataspellet Minecraft eller spela brettspel og bordtennis.

Som vaksenleiar er det artig å følgje med på korleis ungdomane taklar dei mange ulike situasjonane som oppstår i løpet av ein dag på leir. Det er også imponerende å sjå korleis dei villig prøver seg på ting dei aldri har gjort før.

Det er kanskje lett å danne seg eit bilde av ein «typisk» leirledar, men erfaringa er at vi treng alle mulige personlighetstypar som leidarar. Og vi treng både dei rolege og dei mest energiske. Deltakarane som kjem på leir er nemleg også veldig ulike!

Eit håp for trusopplæringa i Øygarden er at born og ungdom skal bli rusta til å dele trua vidare til andre. På leir ser vi at dette skjer i praksis. Det er flott å sjå ungdomar som vågar å setje ord på si eiga tru i møte med borna.

Vi har mange flinke ungdomar i Øygarden. Det er ei kjensgjerning at vi ikkje kunne arrangert så mange leirar som vi har utan alle dei som stiller opp. Ei stor takk til dei unge leidarane!

Dette skjer

LEIRAR SKJERGARDSHEIMEN

14.-16. februar: 5. klasseleir
13.-15. mars: 6. klasseleir
24.-26. april: Ungdomsskuleleir

REFUEL

7. februar
21. februar
6. mars
20. mars
3. april
17. april
1. mai
15. mai
22.-24. mai
- Refuel Weekend

Stad: Rong senter
Tid: 19.30–22.30

KRIK

14. februar
28. februar
13. mars
27. mars
24. april
8. mai
22.-24. mai
- Refuel Weekend

Stad: Hjeltefjorden arena
Tid: 19.30–21.30

SMÅBORNSSONG

4. februar
18. februar
3. mars
17. mars
31. mars
14. april
28. april
12. mai

Stad: Blomvåg kyrkje
Tid: 17.30–18.30

BABYSONG

3. februar
17. februar
2. mars
16. mars
30. mars
27. april
11. mai

Stad: Blomvåg kyrkje
Tid: kl. 11

GOSPEL TEENS

11. februar
10. mars
24. mars
21. april
5. mai
19. mai
2. juni

Stad: Blomvåg kyrkje
Tid: 18.00–20.00

INFORMASJON

Ta gjerne kontakt med oss om du har spørsmål om deltaking og innhald i opplegga. E-post: post.oygarden@kyrkja.no

Frivillige

Me treng frivillige til t.d. leirane. Ta kontakt om du vil delta frivillig.



SPAR 

- ei rein og skjær handlelede ved havgapet!

Ferskvarespesialisten

Velsmakende varmmat

Fristende frukt og grønt

Nydelige nystekte bakervarer

Måndag - fredag 8-22, laurdag 9-20

 **SPAR Rong tlf. 56 38 71 40**

Fag Revisjon as

Revisjon & regnskap

Kontakt oss på tlf: 56 38 72 70,
eller se mer informasjon på www.fagrevisjon.no

Fag Revisjon AS, Bolgekraftvegen 1, 5337 RONG, firmapost@fagrevisjon.no



- Snitter
- Varmmat
- Baguettar
- Koldtbord
- Koldttallerken

Rong Catering a/s
Tlf. 9185 6258



Torsvik ELEKTRO

Installasjon industri, bolig
Data- og telenett
Alarmanlegg
Antenne/parabolanlegg
Elektroverksted
Elektrisk forretning

Tlf. 56 38 50 00
Vakttelefon: 922 34 062

www.torstevik.no

Sotra Omegn BEGRAVELSESBYRÅ
En del av Kobi Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet
(Skjernet 4, 5353 Straume | samme hus som Ligningskontoret)



- Stort utval av godbiter fra vårt kjøkken
- Moderne bilverksted m EU/kontroll
- Reparasjon av alle bilmerker
- V askehall
- Kaffiavtale
- Gass

BLOM SERVICESENTER AS

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80
Godkjent bilverksted

Kjøp kjapt, trygt og billig

KIWI mini pris

Ved Rong senter
Tlf. 56 38 71 20
Mandag – lørdag
kl. 07.00–23.00



NORGESHUS NORGESHUS

TH Bhas Bygg  Øygarden Boligutvikling as

Telefon: 56382804 - Pålset 2, 5337 Rong
e-post: ta@norgeshus.no
www.norgeshus.no

Montér

Øygarden Byggsenter AS

Pålset 2, 5337 Rong - Telefon: 56382820 - Epost: post@oybygg.no
Åpningstider: mand-torsd 07.00-17.00, fred 07.00-18.00, lørd 09.00-14.00



Asane Begravelsesbyrå AS
v/Johannes Blom

Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES
Døgnvakt tlf.: 5518 9000



Øygarden elektriske as

Tlf: 56 38 24 40
Fax: 56 38 24 41
Mobil: 928 41 790

E-mail: post@oygarden-elektriske.no

B-P-S Solutleige
v/Arvid Rong 5337 Rong
Tlf: 56 38 74 54 Kveld: 56 38 73 22
Mobil: 918 56 258

Din lokale elektriker!

VESTGAR ELEKTRO

Møllestykket 21, 5360 Kolltveit
T: 400 30 210
post@vestgarelektro.no - www.vestgarelektro.no

Bergen Omegn
BEGRAVELSEHJELP
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge Polden Espen Polden Heine Polden Cathrine Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN
Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA
2.etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50



Solstrands
Begravelsesbyrå as

Vårt avdelingskontor på Sotra
Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume
Telefon 55 55 16 16 hele døgnet
www.solstrands.no
Vår erfaring - din trygghet 



TORSVIK MUR

Alt i mur, puss og flisearbeid
Rehabilitering/fornyning av gamle skorsteiner/piper

Vidar Vik Torsvik
murmester

Dalekletten 44
5337 Rong
Telefon: 91 16 83 75 E-post: vidart1962@gmail.com

Vest Modul AS
5336 Tjeldstø

- Tilbygg
- Nybygg
- Rehabilitering
- Montering og utleige av brakker

 Normann 958 19 905
Ingvard 958 10 967

  Trelastlager Tjeldstø

Fellesskapsdag for barn og vaksne

Laurdag 15. februar
kl. 10.00-14.00
Hjelme kyrkje

Fellesskap, undervisning,
samtalar, barneopplegg og lunsj.

Det er eige barneopplegg for små barn og
barn i «tweensalder» (ta med utetøy).

Det er inga påmelding,
velkomen!



Litt statistikk for 2019

Deltaking på gudstenester i Blomvåg kyrkje	6603
Deltaking på gudstenester i Hjelme kyrkje	2893
Nattverdsdeltaking i Blomvåg kyrkje	2295
Nattverdsdeltaking i Hjelme kyrkje	861
Døpte i Blomvåg kyrkje	32
Døpte i Hjelme kyrkje	8

Det er ein auke i gudstenedeltaking frå tidlegare år. Meir utfyllande informasjon vert gitt i årsmeldinga som kjem i eit seinare nummer av bladet.



Vipps er ein effektiv måte å gi ved kollekt og når du t.d. skal betale for ein leir på Skjergardsheimen.

Dette er våre vippsnummer

Hjelme kyrkje: #75628

Blomvåg kyrkje: #75632

**Leiropphald på
Skjergardsheimen: #75635**

Vippsnummera som er knytt til kyrkjene kan du bruke når du skal gi kollekt i ei gudsteneste eller om du set heime og vil gi. Enten du skal gi ein kollekt eller betale for eit leiropphald er det viktig at du skriv i referansefeltet dato og kva det gjeld.

Treff i Blomvåg

OBS! Nytt namn og ny vekedag!

**Tednebakkane omsorgsenter
kl. 16.30-18.30:**

Tysdag 11. februar

Tysdag 10. mars

Tysdag 14. april

Fellessamling på Tednebakkane:

Tysdag 12. mai kl. 16.30

Treff i Hjelme

OBS! Nytt namn, ny vekedag og nytt klokkeslett!

**Hjelme kyrkje
kl. 11.00-13.00:**

Torsdag 13. februar

Torsdag 12. mars

Torsdag 16. april

Fellessamling på Tednebakkane:

Tysdag 12. mai kl. 16.30

Til lukke

70 år

- 15. feb Astrid Karin Flåten, Blomåsen 12
- 17. feb Brita Lunde Troland, Bulegsvegen 10
- 19. feb Bror Hansen, Rongøyard en 11
- 28. feb Dorthea Monsine Andersen, Arsettunet 37
- 1. mars Venke Rong, Hanelen 26
- 2. mars Atle Einar Dale, Dalevegen 19
- 4. mars Gerd Bakken, Nordre Sæle 86
- 7. mars Dagny Gilje Antonsen, Hellesøyeneset 6
- 12. mars Knut Vik, Knappevegen 9
- 14. mars Roald Kåre Rong, Arsetlia 19
- 16. mars Øyvind Strømsnes, Svintræ 3
- 28. mars Mary-Anne Oen, Rosnesvegen 5
- 1. april Rolf Evanger, Austemarka 11

75 år

- 17. feb Liv Ingrid Alvheim, Gjerdevegen 23
- 28. mars Jon Kåre Heggholmen, Åkletten 27
- 1. april Johanne Sofie Neshavn Samuelsen, Arsettunet 24

80 år

- 19. feb Marit Johanne Rosendahl Sæle, Hjelmevegen 4
- 16. mars Randy Kristina Hansen, Svartevikvegen 124
- 24. mars Anlaug Elise Torsvik, Haugetunvegen 20

85 år

- 15. feb Kjell Døskeland, Gjerdhøyen 4

90 år

- 3. mars Mons Torsvik, Maiavegen 8

Gudstenester / Service

Worship is the most important meeting point for Christians. It is the place where Christians become a visible congregation – a fellowship of people who share a faith in God and in the resurrection of Jesus Christ. It is a place where people together come before God. Here is a list of upcoming services in Øygarden

9. feb kl. 11.00 – Hjelme kyrkje
Gudsteneste ved Knut Kaldestad.
Nattverd. Offer til NLM. Søndagsskule.

16. feb kl. 11.00 – Blomvåg kyrkje
Gudsteneste ved Espen tveten. Dåp.
Nattverd. Offer til Bibelselskapet.
Søndagsskule.

23. feb kl. 11.00 – Hjelme kyrkje
Sprell levande gudsteneste ved Espen Tveten. Utdeling av 4års-bok og 5års-barnebibel. Offer til Bergen søndagsskolekrets.

1. mars kl. 11.00 – Blomvåg kyrkje
Gudsteneste ved Knut Kaldestad.
Nattverd. Offer til Tro & Medier.
Søndagsskule.

8. mars kl. 11.00 – Hjelme kyrkje
Gudsteneste ved Espen Tveten.
Nattverd. Offer til kyrkjelydsarbeidet.
Søndagsskule.

15. mars kl. 11.00 – Blomvåg kyrkje
Gudsteneste ved Espen Tveten. Dåp.
Nattverd. Offer til Bildøy bibelskole.
Søndagsskule.

22. mars kl. 1100 – Hjelme kyrkje
Gudsteneste ved Espen Tveten. Nattverd.
Offer til Tro og Medier. Søndagsskule.

29. mars kl. 110.. – Blomvåg kyrkje.
Sprell levande gudsteneste ved Knut Kaldestad. Utdeling av barnebibel til 5åringar. Offer til kyrkjelydsarbeidet.

Døpte

Blomvåg

- Samuel Andersen Dale, Torsvikvegen
- Selma Skjellanger, Hildalshaugen

Hjelme

- Jasmin Breivik Solbakken-Larsen, Krekjebærvegen
- Embla Duff, Austevoll
- Magnus Finsås Sakslo, Tjeldstøvegen

Døde

Blomvåg

- Alf Turøy, Rongøyvegen f. 1936
- Johanna Dale, Dalevegen f. 1930
- Ingolf Asbjørn Torsvik, Torsvikvegen f. 1934
- Borgny Nikolaisen Torsvik, Bergen f. 1924

Hjelme

- Ole Andreas Dävøy, Dävøyvegen f. 1925
- Svein- Tore Danielsen, Nystovevegen 1944

Bibeltimar

Nautnes bedehus våren 2020

Torsdag 20. februar kl 19.00
Asle Hetlebakke

Torsdag 19. mars kl 19.00
Asle Hetlebakke

Torsdag 23. april kl 19.00
Christian Skoge

Torsdag 7. mai kl 19.00
Rune Ludvigsen

**Etter bibeltimane vert det
kvelsmat og samtale.**

Hellesøy/Nautnes/
Tjeldstø bedehus


Du kan også lese om kyrkja si verksemd på:

kyrkja.no/oygarden

Distribusjon i Hjelme og Blomvåg sokn:
Hammer transport, tlf. 92063006

Distribusjon utanfor Hjelme og Blomvåg sokn:
Posten Norge

Returadresse:
Øygarden kyrkjekontor
Tytebærbrekko 2
5353 Straume



Dåp

Eit teikn på Guds kjærleik

Vil du la barnet ditt bli døypt?
Eller vil du bli døypt sjølv?

Dåpen er eit teikn på Guds kjærleik til alle menneske.
Dåpen er ei gåve og inngangen til fellesskapet i kyrkjelyden, uansett når i livet vi vert døyp.

For informasjon gå inn på kyrkja.no/oygarden/dap
Ta kontakt med kyrkjekontoret på tlf. 55 09 74 40 eller e-post til post.oygarden@kyrkja.no for påmelding



DEN NORSKE KYRKJA
Øygarden kyrkjelege fellesråd

MORGONMESSER
3. mars og 17. mars kl. 06.30:
Blomvåg kyrkje

PÅSKEVELD
1. april kl. 19.00:
Blomvåg kyrkje

SOMMARFEST FOR FRIVILLIGE MEDARBEIDARAR
3. juni kl. 19.00:
Hjelme kyrkje



DEN NORSKE KYRKJA

Årsmøte for Hjelme og Blomvåg sokn

Onsdag 22. april kl. 18.00
i Hjelme kyrkje

Tema:

Arbeidet i soknet og visjon for kommande år.

Enkel servering.

Hjelme og Blomvåg sokneråd

Erling Vik
soknerådsleiar



DEN NORSKE KYRKJA